



Karianne Solheim syng saman med gitarist Nils Trygve Markhus frå Valen, som også er sambuaren hennar. Den tredje i Secret Mood er Robert Landa frå Halsnøy. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Så lengje vi får ein pluss er eg godt fornøgd, seier leiar i Aktivitetshusets Damevenner Klara Bakke til uskedalen.no etter påskedansen på onsdagskvelden. Den ga ein netto på rundt 25.000 til det gode føremålet når inntektene både frå billettane og salet blir rekna saman. Det er ho særst tilfreds med.

Som det plar gjera i Uskedalen tok det si tid før festfolket innfant seg, men då dei fyrst kom, innfant dei seg i eit antal av rundt 150. Det var omtrent like mange på påskedansen i fjor og fleire enn på siste romjulsdansen, då det var 115 betalande. Det kan nok henda at mange festglade "tok seg ut" på Dønhaug sist fredag og at det gjekk ut over frammøtet i Aktivitetshuset.

Det var Kvinnherad-bandet Secret Mood med Sunde-jenta Karianne Solheim (25) som solist som spela denne gongen. Dei tre er velkjende og verdsette i Uskedalen frå før. Ja, no enda meir enn tidlegare etter at revykjendis og songar Karianne har vorte frisør lærling hos Klara!

- Ho har ei utruleg utstråling på scena og syng som ei gudinna, seier sjefen og mange vil vera samde i det!

Ellers vil Klara takka Auto 88, som sponsa vaktene under dansen med refleksvestar.

Av Ola Matti Mathisen



Lengje var det svært god plass på dansegolvet i Aktivitetshuset onsdag kveld, men det tok seg opp etter kvart. (Foto: Ola Matti Mathisen)